



Notat

Dato: 29.09.2014
Arkivsak: 2014/10077-9
Saksbehandlar: josaksd

Til: Kjetil Sigvaldsen

Frå: Jostein Aksdal

Kulturminnefagleg fråsegn til overføring av Vaksdalsvassdraget i Vaksdal kommune til Samnangervassdraget i Samnanger kommune

Hordaland fylkeskommune viser til konsesjonssøknaden for overføring av vatn frå Vaksdalsvassdraget i Vaksdal til Samnangervassdraget.

Slik konsesjonssøknaden ligg føre vil tiltaket verka inn på fleire demningar. Desse er ein viktig del av eit tidleg teknologisk landskap som vart utforma i samband med å elektrifisere Norge og dei kraftutbyggingane som kom til etter krigen. Kulturminnerapporten viser til at demningane har ein verdi utover lokal verdi som tekniske kulturminne.

Ein av damanlegget ved Flekavatn skal fjernast og vatnet vert så leidd ned til Herfangsvatnet. Høgste regulerte vasstand vert seinka med 2-3 meter. Inngrepet er tenkt gjort i ein viktig del av fjell- og kulturlandskapet. Avbøtande tiltak er tenkt ved oppføring av bru over kanalen. Ut i frå at demninga er eit viktig teknisk kulturminne er det viktig at det vert gjort ei dokumentasjon av demninga, der tilstanden før, under og etter vert dokumentert for ettertida. Klenavatn demning vert føreslått fjerna, den er og omtalt av søkjar som eit prosjekt med ei restaurering av opphavleg vassløp. Fjerning av dammen vil uansett føra til ei desimering av denne type kulturminne. Det er såleis viktig at det vert satt krav til dokumentasjon før tiltak vert gjort. Overføring av vatn ved Smørtjørna til Klenavatn skal skje i rør, her vert vasstanden i smørtjørna seinka og det er ikkje direkte tiltak på demningane og murverket. Her går det fram av søknaden at ein skal ta estetiske omsyn ved utforming og revegetering. Dammen på Vardatjørn skal forsterkast for å imøtekomme krav til sikkerheit. Dette tiltaket vert vurdert som rehabilitering og vedlikehald av eksisterande tiltak.

Dei tekniske kulturminna er viktige minne frå vår nære fortid. Inngrepa som skal gjerast vil verka inn heilskapen av fysiske spor og anlegg. Dammane vil trass i endringane framleis stå fram som historieforteljande element i vår eiga tids bruk av fjell og vassressursane. Det bør leggast til grunn krav til dokumentasjon der prosessen rundt siste fase til anlegga vert dokumentert. Dette vil sikre kjelde og informasjonsverdien i fjellområda.

mvh
Jostein Aksdal

